

# KYRKJEBLAD

54. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 4/2000

## Les i kyrkjebladet

Stanghelle gravplass skal opprustast og utvidast.  
Side 3.

Bergsdalsstemna vert i år utsett til i september.  
Side 4.

Vassbakkenstemna måtte grunna dårleg ver vera i Stamnes kyrkje.  
Side 5.

Første søndag i september er det klart for Søndagsskulens Dag.  
Side 5.

Konfirmantane i Vaksdal finn de samla i bladet.  
Side 6 og 7.

I Glimt frå Farne tider tek me med glimt frå 1981.  
Side 8

"Slepp frimodet laust", skriv Torbjørn Greipsland i eit stykke, som fortel at ei undersøkjing viser at over halvparten av det norske folk vil seia ja til samtale med ein prest eller ein annan kristen.

Side 8

## DALASTEMNA



Her er tre av dei som var med ved turen i 1998.

Arkiv foto: Anne Margrethe Eikefet.

23. juli er det klart for nytt Dalastemna på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen. Stemneplassen ligg ved Storavatnet.

Me får vona at veret vert betre enn det var i fjor då turen måtte avlystast.

Så finn fram turklede og sko og ta turen til fjells.

*Meir kan de lesa side 4.*

**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

Fax 56 59 89 46

e-post:

kyrkjekontoret.vaksdal@ulvik.org

**Ekspedisjonstid: Tysdag og torsdag****kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30****Kyrkjevevje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 61 20

Mobiltlf. 95 97 99 05

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20, e-post: soknepresten.vaksdal@ulvik.org

Tlf. privat 56 59 73 15, e-post: frode.kvamsøe@c2i.net

Mobiltlf. 90 19 65 14

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLAD FOR  
VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

**Bladstyrar:**

Ragnvald Kringlebotten,

5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

e-post: ragnvald\_02@yahoo.no

**Kasserar:**

Elisabeth Dyrhol,

Vaksdal garden 10, 5725 Vaksdal.

Tlf. 56 59 70 88

**Eksp. og trykk:**

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan

**19.august 2000**

Bladet kjem ut i veke 36 som byrjar med 4.september. Ragnvald

## Nytt frå kyrkjevevja

## Nytt kontor

Kyrkjevevje Svein Tøsse er nå kome på plass i nytt kontor, i Messa, Fabrikkvegen 3, i den delen sam tidlegare var lækjarkontor. Han er såleis ikkje å finna i Heradshuset lenger.

Kyrkjevevja vil verta å treffa på tlf. 56 59 61 20.

## Nye mobilnummer

Som det også går fram av den faste spalta til venstre har kyrkjevevja, soknepresten og kapellanen på fått nye mobilnummer.

**Kyrkjevevja: 95 97 99 05.****Soknepresten: 90 19 65 14****Kapellanen: 90 84 06 24.**

## Dyrhol sluttar

Kapellan Bård-Egil Dyrhol har fått og takka ja til stilling som kapellan i Skåre prestegjeld nord i Haugesund kommune.

Dyrhol kjem til å slutta i løpet av oktober månad.

Elisabeth og Bård-Egil Dyrhol kom til Vaksdal i januar 1996, og har såleis vore her i nærare fem år.

Siste gudstenesta til Dyrhol vert sannsynligvis i Vaksdal kyrkje 15. okotber.

Vonleg kan ny prest tilsetjast i byrjinga av okotber og vera på plass 3-4 månader seinare.

## KYRKJESTADEN

**DALE 100 ÅR**

### Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

**kr. 100,-****hjá Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret.**

**Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret, Boks 113, 5721 Dalekvam . Tlf. 56 59 61 20**

## Godkjende leverandørar av gravminner

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminner må vere innanfor forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Åsane stein AS

Sæthre stenindustri AS

Kjøøl Stenindustri

Øien steinhuggeri

Brødrene Strand Stenhuggeri AS


Decoform Gravmonumenter AS

Eikner Naturstein AS

**Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent.**

**Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.**

# Opprusting og utviding av Stanghelle gravplass



Vaksdal kyrkjelege fellesråd har vedteke å rusta opp og utvida Stanghelle gravplass, sjå skisse over.

Prosjektet er tenkt utført i tre etappar.

Fellesrådet har søkt Vaksdal kommune og løyving av midlar til dette, og samla kostnader er rekna å verta kr. 2 053 030,-, i tillegg kjem ymse honorar til konsulent, avgrensa til kr. 60 000,-.

Første etappe gjeld opprusting og omregulering av eksisterande gravplass kostnadsrekna til vel 697 000,-.

Andre etappe tek føre seg utviding av øvre del av området og er rekna ut til vel 759 000,-.

Tredje etappe vert så utvidinga av område nord for eksisterande gravplass rekna til vel 596 000,-.

I kommunestyremøte måndag 19. juni vedtok Vaksdal kommunestyre å løyva 200.000,- kroner til den fyrste oppstarten av prosjektet.



## Glasvasar på graver skapar problem

Bruk av glasvasar på graver skapar ofte problem.

Ved fleire høve er slike vasar blitt sette frå seg bak gravene. Ved at dei vert skjulte av graset, ser ikkje dei som skal slå graset vasane, og dei vert knuste av plenklypparane. Fleire gonger er det skjedd uhell på grunn av dette.

Me vil oppfordra dei som nyttar glasvasar om å rydda dei vekk slik at me kan unngå slikt i framtida, og kanskje heller nytta plastvasar.

## DALA- STEMNA 23. JULI

Det etter kvart årvisse Dala-stemna finn i år stad søndag 23. juli. Då samlast vi ved den gamle stemneplassen ved Storavatnet på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen, biletet til høgre. Fyrst vert det gudsteneste, etterpå vert det matøkt og drøs, og kan hende somme innslag frå stemnedeltakarar.

## GJESTEBOK



Nytt av året er at ein vil ha med gjestebok, der stemnedeltakarane vert oppmoda om å skriva seg inn. Boka vert teken med heim og oppbevara til neste stemne. Ein vil og skrive inn aktuell informasjon om stemnene, og lime inn bilete frå dei ein skilde stemna etter kvart som desse ligg føre. På dette viset vil ein vonleg med åra få ei interessant og lærerik minnebok om det nye Dalastemna.

## AVREISE

**Frå Eksingedalen vert det felles avgang frå Flatekval kl 10.45, med gudstenestestart kl. 12.**

Dersom veret ikkje vert godt nok til å halde stemne, vert det gudsteneste på Flatekval kl.11 i staden. Soknerådsleiarane i Eksingedalen sokn og Mo sokn vil avgjere dette om morgonen same dag dersom veret er usikkert, og interesserte kan kontakte dei om dei ynskjer å vite kva det vert til.

Arkivfoto: Anne Margrethe Eikefet



## BERGSDALS- STEMNA

Bergsdalsstemna er flytta frå andre sundagen i august til byrjinga av september. Dei seinare åra har oppslutnaden vorte mindre og mindre, og det har vore vanskeleg å få engasjert t.d. songarar sommarstid. Ein har diskutert både i sokneråd og i soknemøte om ein skulle gjere denne endringa, og Bergsdalen sokneråd har kome fram til at denne endringa må til.

**Årets Bergsdalsstemna finn stad den 10. september i Bergsdalen kyrkje kl. 11, biletet til venstre.**

Nærare kunnjingar om kva programmet vert denne dagen kjem på plakatar og i avisa tidlegare same veke.

Foto: Daniel Lid

## Vassbakken

Grunna dårleg ver vart det årlege Vassbakkenstemnet på Kristi Himmelfartsdag, 1. juni, i år lagt til Stamnes kyrkje.

I år var det Bård-Egil Dyrhol som var prest ved gudstenesta. Musikk til songane sytte Jostein Rene for på piano.

Etter gudstenesta samla me oss til matøkt i sakrestiet, biletet til høgre, der både mat og prat rundt borda skapte ei triveleg stund.

Så får me berre vona at veret vert slik neste år at me kan samlast ute på Vassbakken.

Foto: Jostein Rene



## Søndags- skulens Dag


I år vert det skipa til Søndags-  
skulens Dag på Dale.


Det heile tek til med familiegud-  
stenesta i Dale kyrkje kl. 11. Etter  
Gudstenesta vert det matøkt og  
anna program.

Mat tek ein med, drikka vert å få  
kjøpt.

Så me vil oppfordrar både store  
og små å ta turen til Dale denne  
dagen som ein start på søndags-  
skuleåret.

Arkivfoto: Ragnvald Kringlebotten.





### Konfirmantar i Dale kyrkje 7. mai:

**1.r. fv.** Kjersti Nysæther Oppedal, Randi Steien Dalseide, sokneprest Frode Kvamsøe, Anna Fossmark Lilleskare og Marielle Birkeland Laastad. **2.r. fv.** Kristina Birkeland, Christine Grenasberg, Espen Breidvik Seim, Ingrid Høvik, Elin Dalseid, Rune Kristoffer Heimdal Dalseid, Stian Stanghelle og Anders Vik Hegge. **3.r. fv.** Steffen Tolås Wefring, Kenneth Langhelle, Tommy Kristiansen, Marius Hagebø, Tor Johnsen Indrebø og Tony Mikalsen Nilsen.

Foto: Fotograf Løtvedt



### Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 7. mai:

**1.r. fv.** Silje Carlsen, Solbjørg Langhelle, kapellan Bård-Egil Dyrhol og Christine Bakke Amundsen. **2.r. fv.** Odd André Boge, Karl Gunnar Hammersland, Kim Erik Marx Larsen, Ståle Laastad, Jarle Audestad, Maren Herfindal Magnussen, Thomas Stavenes og Hanne Jacobsen Erstad. **3.r. fv.** Christian Fredrik Dahl, Wenche Fosse Indrevær, Gard Laastad, Christian Tveit og Aina Cecilie Moe.

Foto: Fotograf Løtvedt



**Konfirmantar i Eidsland kyrkje 30. april:**  
Rune Stamnes, Rose-Marie Tyssebotn Mo og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Audun Mo



**Konfirmantar i Stamnes kyrkje 14. mai:**  
Fv. Kristin Straume Normann, Raymond Stamnes Carlsen, Kapellan Bård-Egil Dyrhol, Knut Ole Kulshamar, Kjell Inge Langeland Vik, Steffen Kalvik og Marion Bekkenes.

Foto: Eidrun Straume Normann



**Konfirmantar i Eksingedalen kyrkje 28. mai:**

1.r. fv. Linda Fjellanger, kapellan Bård-Egil Dyrhol, og Karina Høvik. 2.r. fv. Sondre Nesheim og Kristian Nese.

Foto: Gunnar Jarle Nesheim



**Konfirmantar i Bergsdalen kyrkje 28. mai:**

Fv. Andreas Pettersen, Nina Bergo, Jan-Eirik Småbrekke og Sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Per Småbrekke

## Kristne leiarar om gledeleg undersøking: Slepp frimodet laus!

Av Tobbjørn Greipsland

-Svært oppmuntrande tal. Det er reaksjonen som KPK har fått frå fleire menneske på undersøkjinga som viser at langt over halvparten av det norske folk vil seia ja til ein samtale med ein prest eller ein annan kristen om Jesus.

-Absolutt gledeleg, er kommentaren til Anne Karin Kristensen, leiar i Norsk Misjonsråd. Ho meiner tala speglar av den auka interessa det er for religiøse spørsmål.

Inger Kari Søyland, landssekretær for barne- og ungdomsarbeidet i Indremisjonsselskapet, er ikkje overraska over det høge jatalet. Ho meiner det samsvaret med deira røynsle.

-Me er samd i at det er fornuftig å fokusera på personen Jesus og ikkje på religion, som er noko meir fjernt og ikkje konkret, seier Søyland, som ser undersøkjinga som ei påminning om å snakka med grannar og andre om Jesus.

Biskop Finn Wagle i Nidaros er heller ikkje overraska over svaret. Han gjev denne kommentaren:

-Me veit frå røynsle at mange menneske ber på eit ønske om å samtala med nokon om Jesus. Undersøkjinga minner oss om at me må ha endå større frimod til å snakka med folk om Jesus, og være til stades med vitnemål om han. Som den svenske biskopen Martin Lønnebo har sagt det: "Jesus vinn seg alltid ved nærare kjennskap".

Kyrkjeminister Trond Giske har ikkje hatt tid til å gje nokon kommentar, men tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik seier dette til Kristeleg Pressekontor:

-Undersøkjinga syner at folk er svært opne for trusspørsmål. Dette er ei stor utfordring til prestar og andre kristne til med stort frimod å bringa ut evangeliet om Jesus.

KPK

## Farne Tider



Under vignetten Farne Tider tek me med to glimt frå sommarnummeret i 1981. Biletet over syner Dale Ten Sing som syng på konfirmantfesten 15. mai 1981.

Biletet til venstre syner Perly Sande som var kyrkjelydselev i Vaksdal dett året.



# KRYSSORD FOR DEI UNGE

**VANNRETT**

- 1. Han høyrer me om på
- 5. Instrument
- 9. Tek aldri slutt
- 11. Slekting
- 12. Kaos
- 14. Overfall
- 15. Artikkel
- 16. Røre
- 17. Ordne
- 18. Fiasko
- 20. I på engelsk
- 21. Nils Evensen
- 22. Uttala
- 23. Glane
- 24. Putte i munnen
- 25. Gunn Nilsen
- 26. Preposisjon
- 27. Arne Tomsen
- 30. Gutenamn
- 33. Måleining
- 36. Glise
- 37. Vis
- 38. Øk
- 39. Jentenamn
- 40. Pålegg
- 43. Vekedag

1	2	3		4	5	6	7	8	
9			10	11			12		13
14			15		16			17	
18	19				20		21		
22		23		24				25	
26		27	28	29	30	31		32	
33	34	35			36		37		
38		39				40	41		42
43	44		45	46		47		48	
49									

**LODDRETT**

- 1. By
- 2. Jentenamn
- 3. Pronomen
- 4. Glise
- 5. Yrke
- 6. Jentenamn
- 7. By
- 8. Land
- 10. Dessert
- 13. Har me i munnen
- 19. Sjø
- 23. Som 22 vannrett
- 28. Ti på engelsk
- 29. Fugl
- 31. Insekt
- 32. Hes
- 34. Dessert
- 35. Kanne
- 36. Team
- 41. Dempe
- 42. Et me
- 44. Åse Andersen
- 45. Danmark (forkorting)
- 46. Andre Eriksen
- 48. To like

## Vær glade i kvarandre!

Jesu bod om at vi skal elska kvarandre på same måten som han elsker oss, er ein appell med større aktualitet enn nokon gong før.

I ei sjuk tid der sjølvkjerleik og beinhard egoisme får stadig meir plass kring oss, trengst det i sanning ei kjærleiksvekking både i familielivet, samfunnslivet og kyrkjelivet. Der sunne livsnormer og grunnleggjande livsverdiar blir sjalta ut av sjølvråde og omsynsløyse, der oppstår det ubotelege skadar. Jesus såg det klart då han åtvara læresveinane mot det som kunne vente dei.: "Og av di lovløysa har vorte så stor,

skal kjærleiken kolna hjå dei fleste." (Matteus 24,12).

Der lovløysa i ulike former får råderom, der forsvinn og kjærleiken. Og omvendt: der kjærleiken – "varmaste ord på jord" som Sissel Kyrkjebø syng om – får ein sjanse, der vil óg det store fellesskapet kunne få si blømingstid på line med den vi opplever i ein frodig norsk vår. Og dei truande skal gå føre som gode døme.

Det er som Jesus midt i vår tid seier: Elsk kvarandre folkens! Ver overberande! Ver glade i kvarandre.

R.T. / KPK

# Gje dei unge tillit

Av Eleni Maria Stene, KPK.

Kvifor er foreldra mine så teite?

Sukk... har han farga håret grønt no...kva blir det neste...?

Mange ungdomar opplever tenåringsstida som konfliktfylt. Det same gjer foreldra.

Kjersti Øien Skjold(33) har jobba som helsesyster for ungdom på vidaregåande skule dei siste tre åra og har møtt ungdomar med små og store livsproblem i kvardagen deira. Samstundes har ho engasjert seg i ulike kyrkjelydar, både gjennom kurs, kor og misjonsarbeid. Både i arbeid og fritid har ho møtt mange ungdommar og gjort seg opp nokre tankar om ungdomsarbeid og frustrerte foreldre.

-Vis barna dine tillit og gje dei ros! Ein god porsjon sjølvtilit er noko av det beste vitaminet ein kan ha med seg på livsvegen, meiner Øien Skjold.

-Om tenåringen din kjem heim med grønt hår og du synst han eller ho ser heilt forferdeleg ut, ikkje sei det! Uttrykk heller interesse for hårmoten eller sei det ser fint ut. Kanskje er det akkurat det som skal til for at tenåringen skal opne seg for andre ting, og de kan få ein fin dialog. Ros og aksept skaper tillit som igjen gjev open framferd, meiner helsesystema.

Som helsesyster har Øien Skjold opplevd mange gonger at ungdommar opnar seg med sine innarste tankar.



Helsesyster Kjersti Øien Skjold oppfordrar foreldre til å rose barna sine.

Foto: KPK

-For å oppnå dette må ein gje dei visse og tryggleik på at ein verkeleg er interessert i dei akkurat slik dei er, understrekar ho.

-Mange foreldre er usikre på korleis barna eigentleg har det. Korleis kan foreldre til dømes sjå om det er noko gale fatt med tenåringen?

-Viss jenta eller guten isolerer seg frå familie og vener, må ein vere observant. Forandra etevanar, eller teikn på depresjon, kan og vere signal på rusproblem. Ein annan ting ein bør følgje med på, er kva slags venekrets barna har, meiner helsesystema.

Den ungdommelege helsesystema har møtt mange flotte ungdommar, fortel ho.

-Ungdommar generelt er kjempeflotte! Ungdom flest ønskjer å leve ærleg og gjere etisk rette val. Det er få periodar i livet ein er meir oppteken av kva som er rett og gale. Og om vi ikkje snakkar med ungdommen om etiske spørsmål, gjer vi ein stor feil, meiner Øien Skjold.

Ho utfordrar både foreldre så vel som ungdomsarbeidarar i kyrkje-lyden til å ta opp emnet.

## FJELLVAND- RINGSLEIR

I Vaksdalsfjella  
1.- 3. September

Alder:  
Ferdig med ungdomsskulen

Pris: 150,- kr.

For påmelding og  
anna informasjon:  
Norges Samemisjon  
Sparebankgt. 4 A,  
5017 Bergen.  
Tlf. 55 31 65 06

## Bibel og studie grupper

Husk å søke om  
statsstøtte for  
2000

Be om å få tilsendt orientering og skjema  
Eller se vår internettside

Norsk Kristelig Studieråd  
Hvamstubben 17,  
2013 Skjetten  
63 84 48 01 (telefon)  
63 84 48 03 (fax)  
post@kristelig-studierad.no  
www.kristelig-studierad.no



Norsk Kristelig  
Studieråd

**ALT I KJØKKENINREDNING  
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE  
SNEKKERVERKSTED**

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

**Trelast og byggevarer**

**DALE TRELAST a/s**

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam

Snittar \* Koldtbord \* Begravelses-sammenkomster  
\* Overtidsmat \* Møtelokale \* Video \* Stor-kiosk  
Fast-food \* Pizza \* Musikk \* Verksted \* Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.  
Tlf. 56 59 67 36-Fax: 56 59 67 75 -E-mail kaajo@online.no



**DALE HANDELSFORENING**

avd. Dale 56 59 61 01  
Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02  
Avd. Stanghelle 56 59 50 35

**PETERSEN & YPSØY AS**  
Bokhandel – Gåver – Foto  
Kiosk – Tipping – Rikstoto.  
Tlf. 56 59 61 58.

Kontormateriell – Data  
Leiker – Hobby – Fotorammer,  
i andre høgda på Dale Handelsforening.  
Tlf. 56 59 79 80.



**K. Seim A/S,**

Boks 114,  
5721 Dalekvam  
tlf. 56 59 62 23  
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.  
Her kan du handle det du treng.



Boks 12, 5721 DALEKVAM  
Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.  
Husk å bestille koldtbord til konfirmasjonen.



**SAMVIRKELAGET  
INDRE VESTLAND**  
Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 46 61

**LA  
EGNE  
BEN**



Nytt fordelsprogram for deg over 16 år!

**SpareBank 1 Vest**



**C-POST**

FULLDISTRIBUSJON

Returadr.:

Vaksdal Kyrkjeblad

Postboks 113, 5721 Dalekvam

**SLEKTERS GANG****DØYPTE****DALE**

07.05 Olav Tvetervås Eliassen

11.06 Annika Hesjedal

11.06 Emilie Berentsen Sandvik

**VAKSDAL**

21.05 Jonas Eide Vågen


21.05 Magnhild Sæterdal Haugsvær

**STAMNES**

12.06 Tonje Stamnes

12.06 Hedda Leiren Fossmark

12.06 Ruben Johnsen Davidsen



...at dei må verta verande hjå  
Kristus når dei veks opp, lik-  
som dei ved dåpen er innpota i  
han.

**VIGDE****DALE**

10.06 Merethe Bolstad og

Ståle Kallestad Hesjedal



...at dei må halda trufast  
saman og hjelpa kvarandre  
fram mot det evige livet

**AVLIDNE****DALE**

09.05 Borghild Lyngmo, f.1924

**VAKSDAL**

14.05 Ole Johan Olsnes, f.1952

04.06 Bjarne Magnussen, f. 1918

**STAMNES**

06.05 Besse Stamnes, f.1920



...at me må lera å telja  
våre dagar, så me kan  
få visdom i hjarta.

**VELKOMEN  
TIL KYRKJE****2.juli – 3.søndag etter pinse****DALE kl.11.** Dyrhol. Nattverd.**9.juli – 4.søndag etter pinse****VAKSDAL kl.11.** Dyrhol.

Nattverd.

**16.juli – 5.søndag etter pinse****NESHEIM kl.11.** Dyrhol.

Nattverd. Offer til Santal-misjonen.

**STAMNES kl.18.** Dyrhol.

Nattverd.

**23.juli – 6.søndag etter pinse****EKSINGEDALEN kl.11.** Dala-

stemne. Kvamsøe.

**DALE kl.18.** Dyrhol. Nattverd.**30.juli – 7.søndag etter pinse****VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe.

Nattverd.

**6.august – 8.søndag etter pinse****STAMNES kl.11.** Kvamsøe.

Nattverd.

**BERGSDALEN kl.20.** Kvamsøe.

Nattverd.

**13.august – 9.sønd. etter pinse****DALE kl.11.** Dyrhol. Nattverd.**EIDSLAND kl.18.** Konfirmant-

presentasjon. Kvamsøe.

**20.august – 10.sønd. etter pinse****NESHEIM kl.11.** Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Kyrkjelyds-ar-

beidet.

**VAKSDAL kl.19.** Dyrhol.

Nattverd.

**27.august – 11.sønd. etter pinse****STAMNES kl.11.** Konfirmant-pre-

sentasjon. Dyrhol.

**DALE kl.18.** Konfirmantpresen-

tasjon. Kvamsøe.

**3.sept. – 12.søndag etter pinse****DALE kl.11.** Familieguds-teneste.

Søndags-skulens dag. Kvamsøe.

**10.sept. – 13.søndag etter pinse****BERGSDALEN kl.11.00** Bergs-

dalsstemna. Dyrhol. Utdeling av

Barnas Kyrkjebok til 4-åringar.

**OBS!**

Sjå etter i lokalpressa i fall det vert  
endringar i mellom anna kløkkeslett  
for gudstenester m.m.

**Daledagane**

Under Daledagane, som i å vert  
25. – 27. august, vil kyrkja markere  
seg med stand i Gatå, arrangement  
og open kyrkje, og gudsteneste i  
kyrkja søndagskvelden.

Vaksdal Familiekor har òg meldt  
frå om at dei ynskjer å syngje under  
Daledagane, men tid og stad for det-  
te er ikkje bestemt.

For nærare informasjon kan de sjå  
i lokalpressa når tida nærmar seg.